



STIFTELSEN TELEMARSKFORSKING  
Postboks 4  
3833 BØ I TELEMARK

Dato: 31.10.2016  
Vår ref.: 2016/2550-17  
Saksbehandlar: elibjør  
Dykkar ref.:

Att. Karl Gunnar Sanda

## **Innsigelse vedr. kontraktstildeling, HFK-16-0042**

Vi viser til motteke motsegn frå Telemarksforskning, dagsett 26.10.2016, i samband med tildeling av oppdrag HFK-16-0042 Evaluering av museumsreforma i Hordaland til Agderforskning.

Hordaland fylkeskommune er ikkje samd i påstanden om at Agderforskning sitt tilbod er sladda utover det Forvaltningslova og Offentleglova tillèt. Vi har likevel hatt ein dialog med Agderforskning om å gje meirinnsegn, noko tilbydaren har akseptert. Revidert sladda utgåve av tilbodet frå Agderforskning er lagt ved. Skulle de likevel meine at sladdinga framleis er for streng, vil vi orientere om at vår vurdering rundt dette er endeleg.

Når det gjeld vurderinga av tilbod, legg Hordaland fylkeskommune til grunn at det er utøvd skjøn i evalueringa. Dette skjønnet kan berre i mindre grad angripast av domstolen. Tilfelle der skjønnet kan angripast kan omfatte omstende der det vert teke ulovlege eller utanforliggende omsyn. Ei vurdering av kompetanse ligg sjølvstendig innanfor vår skjønnsutøving. Vår vurdering er knytt til ei evaluering rundt tilbode kompetanse målt opp mot det som er kontraktens gjenstand. Sjølv om Telemarksforskning har meir konkret erfaring i høve til evaluering av museum, vurderer vi den kompetanse som Agderforskning har samla som god, og kompatibel med dei oppgåver som ligg i kontrakten. Vi vil vidare minne om at i samsvar med konkurransegrunnlaget er det ikkje naudsynt at tilbodne resursar har spesifikk kompetanse med museumsreformer, men må ha solid kompetanse innan fagfeltet. Fagfeltet er eit vidare omgrep som famnar om anna erfaring og kompetanse enn berre museum, og denne kompetansen meiner vi at Agderforskning har i same grad som Telemarksforskning.

Hordaland fylkeskommune ser ikkje grunnlag for å endre vår evaluering eller tildeling i denne saka. Dykkar motsegn vert ikkje teken til følgje.

Hordaland fylkeskommune vil etter planen å inngå kontrakt med Agderforskning måndag 7. november.

Per Morten Ekerhovd  
Fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Odd Kenneth Mellingen  
Gisle Hauge